

Biletserie frå Naustdal sentrum  
og Øyra-Løken området.

Serien inneheld i hovudsak bilete frå  
Naustdal Fotosamling  
Pluss ein del private .

Serien er redigert av Bjarne Øyra



"01 Naustdal 1880.jpg"

Det eldste bildet frå Naustdal. Gamlekyrkja var riven i 1890. Det lyse huset til v. er Friis huset. Det lyse bakanfor er Litlerè huset. Det lyse tv. for kyrkja er huset i Reina og tv.for det taket på skulehuset. Det store lyse huset i Ospeteigen er Prestebustaden, som seinare vart flytta til Førde. NFS



"02 Dalehola 1890 åra.jpg"

Nyekyrkja ferdig 1891. Hotellet (1899) er ikkje bygd. Bildet er teke mellom 1891-99.

Fotograf O. Fauske. NFS



"03 Dalehøla 1912-20.jpg"


No er både Hotellet (1899) og Nyeskulen (1902) bygd. I bakgrunnen ser vi at huset på Øyra er påbygd (1912).  
Postkort. Fotograf O. Fauske. Einerett T. Litlerø. NFS.



"04 Dalehola 1920-30.jpg"

Nyevegen gjennom Dalehola er komen. Mathias Solheim starta forretning 1923. Vegen forbi Øyrahogen er relativt ny, ukjent når den var bygd.. Vegen Naustdal - Førde opna 1937.

Postkort. Eigar Bjarne Erdal.



"05 Parti af Naustdal.jpg"

Huset tv. er ukjent. Ellers ser vi bua der Eivind Sølvsberg seinare hadde sagbruk. Ein ser ut til å skimte taket på nyeskulen (1902), men det ser ikkje ut til at Meieriet er bygd (1924).

Postkort. Eigar Rolf Haugnes.



"06 Sentrum mellom 1902-05.jpg"

Nyeskulen er bygd (1902). Kleivabua ikkje bygd. Det er sagt at M&S Kleiva starta handel i 1903, men det var truleg i eit anna bygg. I bakgrunnen th. ser vi at Fauske sitt hus ikkje er bygd. (1905). Huset vi ser der er doktorhuset. Huset i framgrunnen må vere Petra Knagenhjelm sitt hus, og bakanfor der er Garsløa. Det kvite til v. er truleg huset som Sivert Reed seinare bygde på og starta bakeri midt i 20 åra, seinare Kyrkjelydshuset. Det umåla huset i framgrunnen er ukjent. det må ha stått mellom Kyrkjelydshuset og Kleiva-bua. Vidare innover Berrvellene Prestehuset, og husa på Bøen.  
Foto frå Rolv Haugnes



"07 Berrvellene mellom 1902-05.jpg"

I framgrunnen Naustdalsfossen, vidare naustrekka under fossen.. Nærast på Berrvellene Brauta og doktorbustaden. Huset til Fauske bygd ca 1905 er ikkje bygd, medan skulen frå 1902 er komen opp.  
Eigar Harald Runde.





"08 Sentrum før 1920.jpg"

Til v. Skule/kommunehuset med handelsbua til M&S Kleiva i framgrunnen. Midt i bildet er driftsbygningen til Ola H. Naustdal.

Framfor kyrkja er huset til bakar Sivert Reed. Huset er seinare påbygd og idag kjent som kyrkjelydshuset. I bakgrunnen til høgre med ark, er Baug-huset.

Fotograf. O. Fauske. NFS.



"09 Sentrum 1920-30.jpg"

Naustdal sentrum med det seinare utfyllte Sanden-området i bakgrunnen. Vegen forbi Naustdalsneset er ikkje bygd. Nyevegen gjennom Dalehola heller ikkje bygd. Husa framfor kyrkja er Baug-huset, Gundersen-huset og Litlerè-huset. Heil til høgre er Hotellet. Av Litlerè-husa vart det største flytta over elva og står der idag. På tomta står idag det gamle Samvirkelaget - no Thune sitt hus. Mons Litlerè (1867-95) starta Norskmålets Bokhandel i Naustdal. Han var ein av dei store pionerane for spreieing av nynorsk litteratur. Postkort. Fotograf O. Fauske. Einerett T. Litlerè. NFS.



"10 Fjæra.jpg"

Naustdal Kyrkje sto ferdig i 1891. Til høgre ser vi nyeskulen (1902). Huset til v. med ark er gamleskulen. Det mørke huset til v. er hotellet. Det kvite framfor kyrkja er huset til Olina Pedersen, seinare Erik Hove. Vegen langs fjæra nedanfor kyrkjemuren var kalla "Pilestredet". Dette skal ha vore fordi ei dame som budde der (Olina?) hadde piler (hønsefuglar).

Fotograf O. Fauske. NFS.



"11 Fjæra mellom 1902-12.jpg"

Nyeskulen bygd (1902). I bakgrunnen er huset på Øyra ikkje påbygd (1912). Arkjene ikkje komne på gamleskulen.  
Postkort. F. Beyer. Eigar Bjarne Øyra.



"12 Fjæra 1960 talet.jpg"

Naustdal sentrum med det seinare utfyllte Sanden-området i framgrunnet. Bildet er frå 1960-talet.

Fotograf/eigar ukjent. NFS.



"13 Fjæra tidleg 1960.jpg"

Naustdal sentrum tidleg 1960-åra, med Naustdal Kyrkje som var ferdig 1891. Den har 8-900 sitteplassar. Kyrkja vart vigsla 9. september 1891 av biskop Fredrik Waldemar Hvoslef som var biskop i Bjørgvin 1881-1898.

Fotograf/Eigar ukjent. NFS.



"14 Naustdal før Løken var utfyllt.jpg"

Fjæra og Naustøyra før utfyllinga og vegen over Øyra kom. Her er det fjære sjø. Det ser ut som arbeidet med nyevegen mot brua til Naustdalsneset er starta. Bildet må difor vere frå slutten av 60-talet. Her ser vi tydeleg at fasongen på Naustøyra er gjenskapt i den nye øya som vart laga av fyllmasse frå Naustdalstunnellen på slutten av 1990 talet.

Eigar Bjarne Øyra.



"15 Mudring ved meieriet.jpg"

Frå oppmudringa i Melkevikka innafor Meieriet. Mudringa er her nesten ferdig. Sjøen gikk tidlegare heilt inn til Meieriet og vegen forbi hammaren. På svingen i h. bildekant var ei sjøtrapp som var kalla Metrappa.

Fotograf Gunnhild Mallasvik. NFS.





"16 Nyevegen over Naustøyra.jpg"  
Nyevegen forbi Meieriet og over Naustøyra er nesten ferdig utfyllt.  
Fotograf Gunhild Mallasvik. NFS.



"17 Nyevegen ferdig.jpg"

Nyevegen forbi Meieriet mot Sanden-området på 2000-talet.


Fotograf. Britt Kringlen. NFS.



”Brauta.jpg ”

Brautahuset. Det står nokre uidentifiserte personar framfor huset. Husa i bakgrunnen, bakanfor Kleven skal vere husa til "Samson i Skorene".

Eigar Rolv Haugnes.



"Hotellet i Naustdal.jpg"

Hotellet i Naustdal bygd 1899. Postkontoret var i hotellet ein periode. Framfor hotellet står Gunhild Friis Henriksen og mannen Albert. Bygget vart rive ca 1970.

Fotograf ukjent. Eigar Amanda Furehaug. NFS.



”Kleivabua.jpg ”

M&S Kleiva strata handel i Naustdal i 1903, men bua var bygd nokre år seinare.

Foto frå Naustdal Bygdebok.



"Naustdal Meieri.jpg"

Naustdal Meieri i glansdagane. Her står returspann klar for avhenting. Naustdal Meieri var skipa i 1924. Det dreiv lengste tida som smørmeieri. Det blei lagt ned i 1975.

Eigar Gunhild Mallasvik. NFS.



"Øyra 1 mellom 1908-12.jpg"

I framgrunnen dei gamle husa på Øyra. Stova var påbygd i 1912. Slåtten huset var bygd ca 1908. Huset til Løken er enno ikkje bygd. Til v.ser vi husa til Nikolina Øyra.. Gamlevegen til Jarane ser vi mellom Klevehusa og Klevehammaren. Heilt i bakgrunnen ser vi husa på Frøysberget på andre sida av elva.


Eigar Bjarne Øyra.



"Øyra 2 før 1920.jpg"

Framme tv. Huset til Jens Øyra. Mot elva fremst er husa til Nikolina Øyra. Lengst bak på elvekanter er naustet til Øyra og Gundersløa. Postkort. Fotograf O. Fauske. Einerett T. Litlerè. NFS.





"Øyra 3 på 40-50 talet.jpg"

Foto: D. Reiakvam. Eigar Bjarne Øyra.



"Øyra 4 i 50-åra.jpg"

Framfor prestehuset ser vi at Alfred Rygg sitt hus er ferdig, medan kun grunnmuren er ferdig på Asbjørn Gundersen sitt hus.  
Flyfoto. Eigar Bjarne Øyra.



”Øyra-Løken.jpg ”

Øyra-Løken området før utbygging. Bildet er vanskeleg å tidfeste, men det er frå før 1960. Truleg frå 40-50 åra. Frå v. Kleven og Smottet. Det kvite huset i midten er Slåtten, eller Skorpa som det og var kalla. Bakafor der, ved dei store granene ser vi Ospeteigen. Vidare mot høgre er Løken og Øyra.  
Eigar Bjarne Øyra.



”Ørabakkane.jpg ”

Ørabakkane før utbygginga. Oppe til v. Stavadalen. Bildet er fra ca 1958.  
Eigar Bjarne Øyra.